

1) Hovudmål

Saman vil vi ære Den Treeinige Gud

- ved å feire Guds nærver i ord og sakrament, med bøn og lovsong
- ved å fremje salmesong, liturgi og kyrkjemusikk i kyrkjelyden vår
- ved at kyrkjemusikken inviterer til refleksjon kring kristen tru, både ved å styrke og å utfordre
- ved at kyrkjemusikken i gudstenester, kyrkjelege handlingar og konsertar m.m. tilfører relasjonane mellom Gud og menneske ein kunstnarleg og estetisk dimensjon

(Teksten ovanfor er hovudmål for- og innleiing til kyrkjemusikkplanen som vart vedteken for Jondal sokn i 2012 og revidert i 2024, og teksten kan gjerne stå som ei felles målsetjing for kyrkjemusikken i alle dei 8 sokna i Ullensvang)

2) Gudstenester og kyrkjelege handlingar

Etter samanslåinga i 2020, har alle sokna landa på musikken frå den allmenne serien frå 1977 som liturgisk musikk i hovudgudstenesta. Folkemusikkmesse frå Hardanger vert brukt 2 gongar årleg i Jondal, og med jamne mellomrom også i Ullensvang og Kinsarvik. Om høvet byr seg, ønskjer vi gjerne innimellom å feire gudstenester der jazz, gospel, country eller andre klassiske eller moderne stilartar skaper den musikalske ramma.

Tidebøner: I Jondal kyrkje har ein morgonsong og i Odda har ein middagsbøn tysdagar.

Pilegrimsturen Krossdalen- Reisæter har med tidbønene Laudes, Sekst, Non og Vesper som åndeleg føde på den årlege turen over fjellet. Og sommarstid har ein completorium i staden for morgonsong i Jondal kyrkje.

Odda sokn har flest gravferder/ bisetjingar i Ukf. Og Ullensvang har flest kyrkjelege vigslar. Ei generell utfordring for muskarane jamfør kyrkjelege handlingar, er at etter at digitaliseringa kom, er mykje av den ønska musikken berre på lydfil og ikkje er nednotert. Og unotert musikk er sjølv sagt mykje meir tidkrevjande å øve inn. Både jamfør vigslar og gravferder ber vi om rom til fleksible løysingar jamfør dette, som gjer at vi både kan serve enkelt-tenestene på ein god måte, og samstundes at dette ikkje tek av dyrebar tid som vi treng i det kontinuerlege arbeidet. Vigslar skulle vi gjerne hatt mange fleire av i alle sokn.

3) Korverksemd

I Utne kyrkje har ein hatt eit flott korarbeid med både Utne barnekor, Utne ungdomskor og Utne babysong sidan byrjinga av 90-talet, og dette korarbeidet lever framleis i beste velgåande. I Jondal er barnekoret Solstråla vel 45 år, kyrjekoret Jondal Grendakor er 37 år, konfirmantkoret byrja på slutten av 80-talet og babysongtilbodet har vore aktivt sidan 2013. I Odda har ein dei siste åra stundom hatt barnekorprosjekt, og i Tyssedal har korporsjektet blitt til eit fast barnekorarbeid. I Ullensvang har ein også babysongtilbod, og dei siste åra har barnekorarbeidet kome igong igjen, no under namnet Eplesong. I fleire sokn har ein gjerne korprosjekt til dømes i samband med TårnAgent, LysVaken og andre T-samlingar.

4) Samarbeid med heim/ barnehage/ skule/ kulturskule/ musikklivet elles

Alle sokna har krybbevandring for barnehage (& evt.1.kl) før jul. Her er førjulsgudstenester- med tilhøyrande øvingsvisittar på skulen i førevegen. I kyrkjemusikkplanen for Jondal sokn har ein avtale med skulen om orgeltimar for 2.kl, salmetimar for 4.kl. og praktiske kyrkjemusikktimar for 7kl. og 9.kl. Kulturskulen og musikklivet elles er ein fin samarbeidspart både inn mot korprosjekt, konfirmantprosjekt, konsertarbeid og gudstenestearbeid. Dei ulike sokna har gjerne konsert- og gudstenestetradisjonar der lokale kor og korps deltek årleg. Gudstenestene er ein utruleg fin læringsarena for unge og vaksne amatørmusikarar, og vi tek veldig gjerne imot og legg til rette for fleire amatørmusikarar, songarar og instrumentalgrupper som vil vere utøvande i gudstenestene.

5) Institusjon

Kyrkjemusikarane tek del på andakter på institusjonane saman med prest eller diakon, og stundom har dei salmestunder om ikkje prest kan vere med. Korgruppene i dei ulike sokna vert også gjerne med og har songstunder ein eller fleire gongar årleg på dei lokale institusjonane.

6) Konsertar

Røldal har sommarstid vekentlege turistkonsertar i samband med opa kyrkje. Dette vil ein gjerne få til i Odda også. I Jondal har ein tysdagskonsertar på kveldstid medio juni og heile juli. Og i Ullensvang og Kinsarvik har ein vår- og sommarkonsertar. Gjennom året elles er det mellom anna salmekveldar og ulike konsertarrangement ved påske-, helgemesse- og juletider i dei fleste kyrkjene.

7) Instrument og bemanning

Alle kyrkjene i Ullensvang har akustiske kyrkjeorgel. Og alle kyrkjene, utanom Røldal stavkyrkje og Berjaflot kapell, har piano. Eit framtidsønskje er at born og unge i heile Ullensvang entrar orgelkrakkane og finn ut at dei har lyst til å lære seg å spele orgel. Dei som byrjer spele orgel, vil fort få fine utfordringar i gudstenesta. Ein byrjer med melodi på dei enklaste liturgiledda og salmane, med kantor som akkompagnatør dersom ein ikkje spelar sats åleine. Og så vil utvikling og oppgåver følgje kvarandre i fint samspel vidare.

Ullensvang kyrkjelege fellesråd har pr.1/2-2025 tilsett 150% organistressurs i Odda, Tyssedal, Skare og Røldal sokn, 25% organistressurs + 20% korressurs i Utne sokn, 60% kantor-ressurs + 10% babysongressurs i Ullensvang og Kinsarvik sokn og 75% kantorressurs i Jondal sokn (fordelt på 15% trusopplæring + 60% kantor), samla 340% tilsettressurs for kyrkjemusikk i dei 8 sokna i Ullensvang. I tillegg er fleire frivillige aktivt med i nokre kyrkjelydar, og fleire av dei andre tilsette nyttar også noko av si stilling i kyrkjemusikalsk teneste, då særleg innan barnekorarbeid og salmearbeid.

Med organiseringa i nytt fellesråd, vert det no med jamne mellomrom lagt opp til fellesgudstenester der heile storstaben er med. Også for kyrkjemusikarane er det flott stundom å få vere fleire musikarar saman. Slik kan vi utfylle kvarandre på ein god måte og kunne tilføre gudstenestefeiringa enno fleire klanger, fargar og mangfald. Nokon dirigerer, nokon akkompagnerer, nokon kan vere solistar vokalt eller instrumentalt, andre kan vere koristar saman med stab og korsongarar eller ein kan vere vanleg kyrkjelyd.

Saman vil vi ære Den Treeinige Gud.